



## SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
98/2015	Kommunestyret	PS	14.12.2015

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Åse Elin Myking		15/697

### FLYKTNINGSITUASJONEN - BEHOV FOR MOTTAKSPASSAR

#### Vedlegg:

Informasjon om konkurranseutsetting av asylmottak

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret ber rådmann utgreie asylmottak med kommunen som driftsoperatør og førebu eit eventuelt tilbod til UDI. Kommunestyret fattar endeleg vedtak om ei eventuell deltaking i konkurranseutlysing.
2. Kommunestyret ønskjer ikkje å utgreie asylmottak med kommunen som driftsoperatør på noverande tidspunkt.

### Kommunestyret - Sak 98/2015

#### KOM - Behandling:

##### Røysting:

Dei 2 alternative framlegga frå rådmannen vart sett opp mot kvarandre - alternativ 1 blei vedteke mot 4 røyster (H, FRP, Anders Risnes (AP))

#### KOM - Tilråding/Vedtak:

Kommunestyret ber rådmann utgreie asylmottak med kommunen som driftsoperatør og førebu eit eventuelt tilbod til UDI. Kommunestyret fattar endeleg vedtak om ei eventuell deltaking i konkurranseutlysing.

#### Saksopplysningar:

Det vert vist til sak 15/697 om busetting av flyktningar der også behovet for nye mottaksplassar er omtalt.

Hero Norge AS har i brev av 8. desember informert kommunen om at selskapet vil legge inn bod i konkurransen UDI har lyst ut om kjøp av ordinære mottaksplassar. Mottaket er planlagt i tidlige Dale fabrikk og med 136 faste plassar, 34 variable plassar og med opsjon på 30 tilleggs plassar, jf vedlagt brev. UDI reknar med avgjerd etter 1-2 månader. Fristen for å levere inn anbod er 11 desember kl 12.00. Rådmannen vil freiste å gje meir informasjon i møtet.

UDI har plikt til å gjennomføre anbodskonkurranse og må følge dei kriteria som er lagt til grunn der. Dei reknar med at det vil vera behov for fleire utlysingar av konkurranser neste år for å kunne dekke behovet for mottaksplassar. Det er ønskeleg å få kommunar inn som driftsoperatørar av asylmottak og UDI oppfordrar kommunar til å levere inn tilbod på utlysingar.

Kommuneorganisasjonen førebur seg på auka busetting og etablering av vaksenopplæring/språkopplæring i eigen regi . Rådmann har saman med leiarane i organisasjonen også vurdert drift av mottaksplassar og det er gjennomgåande både stort engasjement og god tru på mogelegheitene ved dette. Eit anbod vil vere ein omfattande prosess og det vil vere naudsynt med vesentleg større utgreiing gitt at kommunestyret ynskjer å gje rådmannen oppdrag å greie ut asylmottak der kommunen er driftsoperatør.

Rådmann ettersender sak til kommunestyret for å informere om situasjonen og for å få ei avklaring på om kommunestyret ønskjer å utgreie asylmottak med kommunal drift og førebu eit ev anbod fram mot neste konkurranseutlysing. Arbeidet er krevande og det naudsynt med ei rask avklaring for å rekke endeleg kommunestyrebehandling før neste utlysingsfrist. Saka vert lagt fram med to alternative vedtak. Denne saka tek berre sikte på å avklare intensjonen om kommunestyret ynskjer å få utgreidd om kommunen ynskjer å vere driftsoperatør eller ikkje.